Vik, 15.06.2026

# Klage på konsesjonsvedtak frå NVE – Vik transformatorstasjon med permanente hjelpeanlegg. Sak nr. 202308754

Som berørt grunneigar av Gnr. 21/3 og Gnr. 21/19 i Refsdal vil eg med dette klage på konsesjonsvedtaket. Og ynskjer flyttinga av vegbana ned på det som i dag er skråning på dyrkamarka mi på motsett side av vegen.

Denne endringa vil ikkje ta dyrkamark, og eg beheld arealet tunet rundt bustadhuset som i dag. Planlag mur vil og fjerna den gamle gangveg ned frå eigedommen - ned til fylkesvegen.

Planlagt vegtrase på tomt til våningshus, Øvregardane 546. Vil forringa tomta med tap av areal og planlagte tiltak kan føra til setningskadar på bustadhus og septiktank med spreiegrøfta til denne.




Slik dette no er planlagt, vurderar eg som godkjent skadetakstmann at ein må berekna utskifting av septiktank og spreiegrøft. Då denne gravinga heilt sikkert vil berøra avløpsanlegget. Eit avløpsanlegg som ligg i fyllmassar frå byggjeår 1976. I verste fall kan ein og få setningsskadar på bustadhuset.

Tomteareal vil og bli redusert slik dette er planlagt. Eg ynskjer å få vegbana flytta andre vegen enn det som er gitt løyve til i konsesjonsvedtaket.

Kartutsnitt:




Planlagt mur vil og  steingja gangveg frå eigedommen ned til fylkesvegen, denne går ned  langs groi på eigedommen. Tidlegare vart stien nytta som drifteveg då det var sauehald på garden. At denne fortsatt blir som før vurderar eg som viktigt for eigedommen.




Som eigar av Gnr. 21/3 og Gnr. 21/19 blir eg vesentleg berørt av planlagde tiltak. Og ber med dette om at ein flyttar vegtraseen. Då eg før vil avstå areal ned i skråning til dyrkamarka mi. Slik at eg får  behalda opprinneleg tomt rundt bustadhuset, som er opparbeida no siste åra.

Helsing

Ivar Eilev Refsdal Vik, 15.06.2026